

Til
Naboer og andre rettighetshavere
Offentlige høringsinstanser
Lag og organisasjoner

DERES REF: | VÅR REF: SOLR
DOKUMENTKODE: 10270287-PLAN-BRE-001
TILGJENGELIGHET: Åpen

Bergen, 25.06.2026

OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID LYSEPARKEN AUST, OMBRUKSMASSAR

Varsling om oppstart av planarbeid

Multiconsult Norge AS varslar på vegner av Bjørnafjorden kommune oppstart av detaljregulering for Ombruksmassar Lyseparken aust, jf. plan- og bygningsloven §§ 12-8. Tiltakshavar er Bjørnafjorden kommune, Multiconsult AS er plankonsulent. Planen skal leggje til rette for:

- handtering og ombruk av overskotsmassar
- innfartsparkering
- døgnkvileplass for tungtransport
- deponering av snømassar

Deler av planen inneber fylling av Kvernatjørna.

Bakgrunn for planarbeid

Kommunen treng eit areal for handtering og bearbeiding av overskotsmassar, hovudsakleg frå eigen verksemd. Tiltaket vil samtidig bidra til å løyse kommunen si utfordring med handtering av overskotsmassar frå det planlagde parkeringsanlegget i fjell på Osøyro. Desse massane kan nyttast som fyllmasse til å etablere etterspurde tiltak som brøytesnødeponi, fleire innfartsparkeringsplassar og kvileplassar for tungtransport.

Beliggenhet

Planområdet ligg i Bjørnafjorden kommune, om lag 5–6 kilometer nord for Osøyro.



Figur 1 Oversiktskart. Planområdet er markert med en svart firkant. Kart kilde: Norgeskart

Hovudinnhald i planen

Førebels skisse av planlagde tiltak er vist i figur under.


- oppfylling av delar av Kvernatjørna (ca. 23 daa)
- etablering av nytt areal for massehandtering med tilhørende anlegg (ca. 10 daa)
- parkering i to plan og tilkomst frå eksisterande vegsystem (ca. 300 plassar)
- døgnkvileplass for tungtransport (ca. 15 plassar)
- snødeponi

Det er planlagt mottak av naturlege jord- og steinmassar, primært frå kommunen sin eiga verksemd. Det er planlagt vekt og kontrollbygg, og dessutan saltlager og knusehall. Knusing vert i avgrensa omfang.

Det vert tilrettelagd for parkeringsanlegg i to plan med ca 300 parkeringsplassar. Parkeringsanlegget skal i hovudsak nyttast som innfartsparkering. Det skal lagast ein snarveg frå garasjen opp til gang- og sykkelvegen langs E-39.

Døgnkvileplass for tungtransport er eit spesielt tilrettelagt område langs hovudveggar eller transportkorridorar der yrkessjåførarar kan ta lovpålagd kvile og overnatting. Området vil få tilkomme via E-39 og eksisterande rundkjøring til eksisterande innfartsparkeringsplass. Ny veg inn i området frå

rundkjøringa vert bygd med fortau. Løysinga er tilpassa planforslag for ny gangvegs- og sykkelveg til Søfteland. Det vert tilrettelagd for deponering av forurensa snø frå brøyteverksemd.



Figur 2 Førebels skisse av tiltaka. Kjelde: Multiconsult

Kommuneplan og eksisterende reguleringsplaner


Gjeldande arealdel til kommuneplan for Bjørnafjorden vest (gamle Os kommune) vart vedteken i 2023. Det førebelse planområdet er i gjeldande arealdel i hovudsak sett av til grønstruktur, LNFR-område, friluftsområde og samferdsleanlegg.

Deler av området overlappar med gjeldande og planlagde samferdselsprosjekt, dei mest sentrale er E-39 (Planid 4624_20040301, vedtatt 19.6.2012) og planlagt gang og sykkelveg til Søfteland (PlanID 20230100, sist behandla: 25.06.2025).

Planområde og foreløpig plangrense

Det er varsla oppstart for eit større område enn det som truleg vert endeleg planområde, sjå **Error! Reference source not found.** under. Førebels planområde er om lag 325 dekar, og omfattar meir areal enn dei planlagde tiltaka treng.

Plangrensa vil bli snevra inn når merknadene er summert opp og ein veit kor mykje som må regulerast av omsyn til gjennomføring av tiltaka.




Figur 3 Kart som viser førebels plangrense med svart stipla strek.

Vurdering av krav om konsekvensutredning

Planen utløyer krav om konsekvensutgreiing (KU). Det er gjort vurderingar etter KU-forskrifta, og nærare omtale av dette går fram av planinitiativet som følgjer plansaka. Tema som skal greiast ut etter krav i forskrifta er Friluftsliv, Vassmiljø, Naturmangfald, Landskap og Klimagass. Kommunen ynskjer at støv og støy også skal konsekvensutgreiast etter same metodikk. Alle relevante tema vert vurdert grundig, sjølv om dei ikkje greiast ut etter krav KU forskrifta.

Vidare prosess

Du kan senda inn merknader til oppstart frå no og fram til 11. September 2026. Planprosessen vidare er illustrert i ei skisse laga av Bergen kommune, jfr. **Error! Reference source not found.** under. Bjørnafjorden kommune kan ha andre sakhandsamingstider.



Figur 4 Oversikt over planprosessen og antatt tid til administrativ handsaming. Kjelde: Bergen kommune

Utfyllande informasjon kan du finne i Planinitiativet som er tilgjengeleg på:

- [Multiconsult sin hjemmeside](#), under aktuelt – kunngjøringer.
- [Bjørnafjorden kommune sin heimeside](#).

Merknader og kommentarer skal være skriftlige. **Høyringsfrist: 11.09.2026.**

Merknader sendes til: Multiconsult Norge AS att. Torunn Åsheim, Seksjon for By- og områdeutvikling, Nesttunbrekka 99 5221 Nesttun. E-post: OppstartLyseparken@multiconsult.no

Spørsmål til planarbeidet kan rettes til Torunn Åsheim tlf. 92 219 492, Solveig Renslo 90 267 267 eller tiltakshaver ved Asbjørn Johannessen tlf. 47 784 743.

Med vennleg helsing, **Multiconsult AS**

Torunn Åsheim

Vedlegg

1. Kart med varslingsgrense, datert 22.4.2026
2. Referat fra oppstartsmøtet, datert 2.6.2026